

## **VEDTEKTER FOR SANDØY UNGDOMSBUSTADER – SANDØY KOMMUNE**

Vedtatt i Sandøy kommunestyret den 14.juni 2011  
i medhald av lov om husleigeavtalar 23.mars 1999 nr. 17.

### **1. FORMÅLET MED SANDØY UNGDOMSBUSTADER**

Sandøy ungdomsbustader er eigd av Sandøy kommune og oppretta med det formål å skaffe bustader for tidsavgrensa utleige til ungdom i den lokal bustadmarknaden, som elles manglar tilbod til denne målgruppa.

### **2. OM KVEN SOM KAN VERE LEIGETAKARAR**

**2.1** Bustadane vert leigd ut utan innskot eller lån frå leigetakaren, og kan primært leigast ut til personar mellom 18 og 33 år (ved innflytting), med heimel i husleigelova (hl-lova) § 11-1.

**2.2** Bustadane kan leigast til andre leigetakarar enn nemnt i pkt. 2.1 dersom etterspurnaden frå denne gruppa ikkje er tilstrekkeleg til at ein får utleige av alle bueiningane.

**2.3** For leigetilhøvet gjeld reglane som avgrensar leigaren sin disposisjonsrett over bustaden etter hl-lova § 5-6.

### **3. OM HUSDYRHOLD**

**3.1** Det er ikkje tillatt å halde husdyr i bustadane. Dette grunna stor slitasje og omsyn som kan redusere tilgangen til bustadane til andre framtidige brukarar, som t.d. allergikarar.

**3.2** Godkjenning av husdyrhald er avhengig av at husdyret ikkje er til sjenanse eller ulempe for andre leigetakarar, jfr. Husleigelova §5-2. Styret tek avgjerd etter skriftleg søknad.

### **4. OM LEIGETID OG FRAMLEIGE**

**4.1** Leigetida vert sett til maksimum 4 år.

**4.2** Det kan søkjast om forlenging av leigeforholdet med eitt (1) år om gongen i inntil maksimum 2 år dersom det etter utlysing ikkje har meldt seg søkjarar til bustaden, eller andre særlege grunnar vert lagt til grunn.

- 4.3 Vert bustader leigd ut til andre enn målgruppa, jfr. pkt. 2.1, vert leigetida sett til 3 år med mogleg forlenging med eitt (1) år om gongen, dersom det etter utlysing ikkje har meldt seg søkjarar frå målgruppa.
- 4.4 Det er ikkje høve til å framleige eller på annan måte overlata sin bruksrett av bustaden til andre utan løyve frå utleigaren, jfr. hl-lova § 7-2.
- 4.5 Det er heller ikkje høve for leigar å framleie delar bustaden, sjølv om ein bur der sjølv, utan løyve frå utleigar, jfr. hl-lova § 7-3.

## 5. MISLEGHALD OG OPPSEIINGSFRIST

- 5.1 Dersom leigetakar trass advarslar vesentleg mislegheld sin plikter, kan utleigar seie opp leigeavtalen med heimel i hl-lova § 9-9. Oppseiingsfrist er 3 månader for avtalestopp ved utløpet av ein kalendermånad, jfr. hl-lova § 9-6.
- 5.2 Leigetakar kan i medhald av hl-lova § 9 seie opp leigeforholdet i h.h.t. det som er avtalt i leigeavtalen.

## 6. REKNESKAP OG ANDRE ØKONOMISKE TILHØVE

For ungdomsbustadane skal det førast eit særskilt rekneskap i kommunal regi.

Drifts- og kapitalkostnadane og avdrag på lån skal dekkast av leigeinntektene ved ungdomsbustadane.

Leigeinntektene skal setjast på eigen renteberande konto.

## 7. OM STYRET OG STYRET SI FUNKSJONSTID

Sandøy ungdomsbustader skal ha eit eige styre som består av leiar og 2 andre medlemar. Kommunestyret vel leiar og ein av medlemane, medan leigetakarane vel den tredje medlemen. Varamedlemar vert vald på same måte.

Styremedlemane vald av kommunestyret tenestegjer i kommunestyrevalperioden. Styremedlemar som er vald av, og mellom, leigetakarane går ut av styret dersom vedkomande seier opp leigeavtalen. Dersom leigetakarane sjølve ikkje greier å få vald ein representant til styret vert styreleiaren gitt mynde til å peike ut ein representant.

## 7. OM STYRET SINE OPPGÅVER

- 7.1 Styret skal sjå til at ungdomsbustadane i Sandøy vert drivne i h.h.t. vedtektene og at leigetakarane overheld ordensreglane.
- 7.2 Styret skal sjå til at Sandøy ungdomsbustader vert drive så økonomisk rasjonalt som mogleg.

- 7.3 Når bueiningar vert ledige skal styret utan opphald og på høveleg vis ta initiativ til å lyse ut til leige vedk. bueining (ar). Styret skal behandle innkomne søknader og tildele bueiningar i høve til eige skjøn.
- 7.4 Styret har mynde til å seie opp leigeavtalar ved misleghald, jfr. pkt. 5.1.
- 7.5 Signering av leigeavtalar på vegne av utleigar i høve til vedtak i styret kan gjerast av styreformann eller rådmannen.

## **8. OM INNKALLING TIL MØTE, FØRING AV MØTEBOK M.M.**

- 8.1 Styreformann kallar skriftleg inn til styremøte, med vedlagt sakliste og med høveleg varsel.
- 8.2 Styret gjer sine vedtak i møte, med simpelt fleirtal. Med røystelikskep avgjer styreformannen si røyst.
- 8.3 Styret skal føre møteprotokoll som skal signerast alle som tek del i møte.
- 8.4 I styret har ordførar og rådmann har møte og talerett, jfr. kommunelova §§ 9 nr. 4 og 23 nr. 3.

## **9. GODTGJERSLE TIL STYRET.**

- 9.1 Styreformann og den kommunalt oppnemnde styremedlemen vert gjeve godtgjersle i høve til ein kvar tid gjeldande satsar i kommunen sitt reglement for godtgjersle til folkevalde.
- 9.2 Sit ordførar eller varaordførar i styret kjem denne godtgjersla i tillegg til ordførar/varaordførargodtgjersle.

## **OM VEDLIKEHALDSANSVAR.**

- 10.1 Ansvar for vedlikehald av ungdomsbustadane ligg til eining for tekniske tenester ved einingsleiaren.
- 10.2 Einingsleiaren har mynde til å tilvise utgifter vedk. ungdomsbustadane. Prioritering av vedlikehaldstiltak skal gjerast i nært samarbeid med styret.

## **11. OM ENDRING AV VEDTEKTENE.**

Vedtektene kan berre endrast av Sandøy kommunestyre.